



## FUSA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kommunestyret	
<b>Møtestad:</b>	Hålandsdalen leirskole, Holdhus	
<b>Møtedato:</b>	18.06.2015	<b>Tid:</b> 11:00 – 18:45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene digitalt 09.06.15, via utlegging på heimeside og informasjon i e-post 09.06.15.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

#### **Desse medlemene møtte:**

Atle Kvåle, Anne-Grethe Gjerdevik, Hans Ekeberg, Ap

Magne Djuvik, Gunnar Hansen, Frp

Steinar Skår, Aud-May Boge, H

Asbjørn Heidal, Stina Kvåle Bergesen, Anne Martinsen, Krf

Hans S. Vindenes, Marianne Borge, Margunn Y. Samnøy,

Øyvind Nordbø, Haldor Tuft, Mikal Leigland, Sp. Mikal Leigland fekk permisjon frå kl 17.55. Even Revne, Sp, var innkalla som vararepresentant i sak nr 22/15. Han tok også plass som vararepresentant frå sak nr 24/15.

Birgitte H. O. Skibenes, SV

Gustav Folkestad, V

#### **Forfall og møtande varamedlemer:**

Kristine Hjartnes, Frp, hadde forfall. For henne møtte Arild Ernst Legland, Frp, som vararepresentant.

Roger Hoel, Frp, hadde forfall. For han møtte Arne Holmefjord, Frp, som vararepresentant.

Steinar Berland, H, hadde forfall. For han møtte May Boge, H, som vararepresentant.

#### **Inhabilitet:**

Steinar Skår, H, var inhabil i deler av sak nr 22/15, sjå under handsaming. For han møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

Aud- May Boge, H, var inhabil i deler av sak nr 22/15, sjå under handsaming. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

May Boge, H, var inhabil i deler av sak nr 22/15, sjå under handsaming. For henne møtte Frøydis Dale, H, som vararepresentant.

Haldor Tuft, Sp, var inhabil i deler av sak nr 22/15, sjå under handsaming. For han møtte Even Revne, Sp, som vararepresentant.

Birgitte H.O. Skibenes, SV, var inhabil i deler av sak nr 22/15, sjå under handsaming. For henne møtte Atle Fjelltveit, SV, som vararepresentant.

Gustav Folkestad, V, var inhabil i deler av sak nr 22/15, sjå under handsaming. For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Rådmann Berit Fløisand

Einingsleiar Terje Raunsgard

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Økonomisjef Jarl O. Reinsnes i sak nr nr 16/15 og nr 17/15

Deloitte AS v/revisor Unni-Renate Moe i sak nr 16/15

Einingsleiar Anne-Merete Hellebø i sak nr 21/15 og sak nr 30/15

Arealplanleggjar Helle H. Bruland i sak nr 22/15

**Merknader til innkalling og sakliste:**

Saklista vart samrøystes vedteke endra etter framlegg frå ordførar Hans S. Vindenes, Sp: Sak nr 23/15 vart handsama etter sak nr 20/15, deretter vart sak nr 21/15 og sak nr 30/15 handsama. Det var ingen merknad til at ekstrasak nr 30/15 vart handsama.

Det var elles ingen merknad til innkalling og sakliste.

Sak nr 30/15 vart vedteke handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr 2 og 4, og forvaltningslova § 13, 13 1. ledd nr 1. Handsaming, drøfting og vedtaket i saka er unnateke frå offentleg innsyn då opplysningar i saka er underlagt teieplikt samt omsynet til personvernet tilseier det.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

**Til slutt i møtet svara ordførar Hans S. Vindenes, Sp, på spørsmål frå Gunnar Hansen Frp:**

**Spørsmål:**

**«Vedrørende undergang på FV 48 ved Rød**

I sammenheng med rullering av trafikksikringsplanen for Fusa kommune er det ønskelig med oppdatering av status og fremdrift vedrørende undergang på Rød, som har vært rangert som nr 2 i trafikksikringsplanen siden 2008. Jf. Sak nr PS 0076/08 av dato 08.10.2008.

Det er pr. i dag 18 barn i alderen 0-12 år, som daglig har behov for å krysse FV 48, som har en fartsgrense på 80 km/t. Krysning av veien er relevant for å komme seg til skolen på Holdhus eller om en skal ta buss til Eikelandsosen.

På grunn av høy fartsgrense og høy ulykkesfrekvens, er strekningen definert som trafikkfarlig i kommunens TSplan.

Byggadministrasjon Harald Bjørndal A/S har utarbeidet et forslag til reguleringsplan for området, inkludert undergang og tilhørende gang- og sykkelvei. Denne ligger til godkjenning hos teknisk etat.

Saken har vært mye omtalt i lokale medier (Os og Fusa posten) og er av stor viktighet for innbyggerne i området.»

**Svar:**

«UNDERGANG UNDER FV 48 PÅ RØD - SVAR PÅ SPØRSMÅL FRÅ GUNNAR HANSEN.

Viser til brev om dette.

Reguleringsplanen for området vart godkjent i kommunestyret i sak 35/14, den 16.10.14.

Det er rett at tiltaket i gjeldande TS-plan er prioritert som nr 2 på lista over tiltak på det som i 2008 var riksvegar (no fylkesvegar). I framlegg til ny TS-plan som er under arbeid vil tiltaket venteleg også ha høg prioritet. Framlegg til ny TS-plan vil venteleg vera klart til møterunden i september.

Ansvarleg for prioritering av utbygging av undergang og tilhøyrande anlegg vil i utgangspunktet vera fylkeskommunen av di dette er fylkesveg.

På spørsmål til vegvesenet sin kommunekontakt er svaret at tiltaket ikkje står på fylkeskommunen sitt plan- og byggeprogram for 2015.»

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 26.06.15

---

Atle Kvåle  
Fung. ordførar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
015/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
016/15	Årsmelding og rekneskap for 2014 - Fusa kommune
017/15	Tertialrapport pr 01.05.2015
018/15	Gebyrregulativ 2015 - for Plan, byggjesak og oppmåling - revidert mai 2015
019/15	Fritak for eigenbetaling barnehage
020/15	Kommunereforma - status - vegen vidare - val av alternativ som skal utgreiast.
021/15	Skulestruktur
022/15	Kommuneplanens arealdel - Høyringsdokument
023/15	HANDSAMING AV NYE VEGNAMN I FUSA KOMMUNE - ADRESSERING DELPROSJEKT 3
024/15	KOMMUNEROS FUSA 2015 - HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR FUSA KOMMUNE
025/15	REGULERINGSPLAN FOR HAGANESET GNR 18, BNR 4 M.FL.
026/15	INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TILSYN MED FORSØPLING ETTER FORUREININGSLOVA
027/15	STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2015 - 2020
028/15	SAL AV ALKOHOL - SØKNAD FRÅ AS VINMONOPOLET
029/15	FORVALTNINGSREVISJON INNAN TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING I FUSA KOMMUNE
030/15	Søknad om å få gå på Hatlestrand ungdomsskule i Kvinnherad frå hausten 2015

## **015/15: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokoll frå møtet 07.05.15 vert godkjent.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

#### **Kommunestyret er orientert om merknad som er motteke:**

«Det kom inn merknad frå Marianne Borge, Sp, til møteprotokollen frå 07.05.15

"I gruppearbeidet om kommunereforma er rangeringa til gruppe 2 og 3 bytt om."

Dei 2 som hadde referentansvaret for desse gruppene- Birgitte Skibenes og Kristine Hjartnes - har bekrefta at rangeringa er bytt om.

I samråd med ordførar er ny retta versjon av protokollen lagra ut på ipad og vert også lagt ut på heimesida.

Merknaden vert lagt fram under godkjenning av møteprotokollen.»

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om ovanemnde og at ny versjon av protokollen er lagra ut. Det har ikkje kome merknader til endra møteprotokoll.

Endra møteprotokoll frå møtet 07.05.15 vart samrøystes godkjent.

### **KOM-015/15 VEDTAK:**

Endra møteprotokoll frå møtet 07.05.15 vart godkjent.

.....

## **016/15: Årsmelding og rekneskap for 2014 - Fusa kommune**

### **Tilråding:**

Fusa kommune vil gje ros til administrasjonen for ei omfattande og innhaldsrik årsmelding. Årsmelding og rekneskap 2014 vert godkjent slik den ligg føre med følgjande tillegg.

Rekneskapsmessig underskot på kr 1 394 614 vert dekkja i budsjettet for 2016.  
Dette er i samsvar med kommunelova sine krav i §48, pkt. 4 om inndekking i det rekneskapen  
vert avlagt og/eller året etter

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KOM-016/15 VEDTAK:**

Fusa kommune vil gje ros til administrasjonen for ei omfattande og innhaldsrik årsmelding.  
Årsmelding og rekneskap 2014 vert godkjent slik den ligg føre med følgjande tillegg.  
Rekneskapsmessig underskot på kr 1 394 614 vert dekkja i budsjettet for 2016.  
Dette er i samsvar med kommunelova sine krav i §48, pkt. 4 om inndekking i det rekneskapen  
vert avlagt og/eller året etter

.....

## **017/15: Tertialrapport pr 01.05.2015**

### **Tilråding:**

Det blir omdisponert kr 800.000,- frå prosjekt 270 ombygging deler av FBBS til  
Investeringsprosjekt 70 Trafikksikring vegar. Kr 90.000 blir omdisponert frå prosjekt 80  
Opprustning vegar.  
Beløpet på kr 800.00,- fra prosjekt 270 blir innarbeid i inv.budsjettet for 2016, FBBS (tilbake  
til 270)

Vidare vert det henta inn til driftsbudsjettet kr 331 653,44 frå fond 25199204 «Barnehage,  
ø.merka tilskot» til ansvar 2 barnehage. Nettoramma for eininga vert uendra.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KOM-017/15 VEDTAK:**

Det blir omdisponert kr 800.000,- frå prosjekt 270 ombygging deler av FBBS til  
Investeringsprosjekt 70 Trafikksikring vegar. Kr 90.000 blir omdisponert frå prosjekt 80  
Opprustning vegar.  
Beløpet på kr 800.00,- fra prosjekt 270 blir innarbeid i inv.budsjettet for 2016, FBBS (tilbake  
til 270)

Vidare vert det henta inn til driftsbudsjettet kr 331 653,44 frå fond 25199204 «Barnehage, ø.merka tilskot» til ansvar 2 barnehage. Nettoramma for eininga vert uendra.

.....

### **018/15: Gebyrregulativ 2015 - for Plan, byggjesak og oppmåling - revidert mai 2015**

#### **TILRÅDING:**

Revidert gebyrregulativ for Plan, byggjesak og oppmåling vert vedteke slik det ligg føre i vedlegget til saka.

### **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KOM-018/15 VEDTAK:**

Revidert gebyrregulativ for Plan, byggjesak og oppmåling vert vedteke slik det ligg føre i vedlegget til saka.

.....

### **019/15: Fritak for eigenbetaling barnehage**

#### **Tilråding:**

Fusa kommune gjev frå 1.juli 2015 fritak for eigenbetaling i barnehage for familiar der foreldra går på introduksjonsprogrammet og tek imot introduksjonsstønad frå Fusa kommune. Dersom den eine av foreldra vert ferdig med programmet før den andre og har arbeid som gjev vesentleg høgare inntekt enn stønaden, vil fritaket verta vurdert.

### **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KOM-019/15 VEDTAK:**

Fusa kommune gjev frå 1.juli 2015 fritak for eigenbetaling i barnehage for familiar der foreldra går på introduksjonsprogrammet og tek imot introduksjonsstønad frå Fusa kommune.

Dersom den eine av foreldra vert ferdig med programmet før den andre og har arbeid som gjev vesentleg høgare inntekt enn stønaden, vil fritaket verta vurdert

.....

## **020/15: Kommunereforma - status - vegen vidare - val av alternativ som skal utgreiast.**

### **Tilråding:**

Fusa kommune skal utgreia følgjande tre hovudalternativ:

- 1) Fusa kommune åleine som i dag.
- 2) Fusa kommune utgreier føresetnader for ein ny Bjørnefjordkommune saman med nabokommunar. Fusa kommune vil bruka midlar til ei slik utgreiing. Delar av desse kostnadane vil verta dekkja av Fylkesmannen i Hordaland. Oppdraget vert gitt til ekstern konsulent etter anbod.
- 3) Fusa, Samnanger og Kvam. Det vert utarbeidd ein rapport for dette alternative. Vi kjøper denne tenesta frå Kvam herad, jfr. saksutgreiinga. Kvar kommune dekkar 1/3 del av kostnaden. Delar av desse kostnadane vert dekkja av Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunestyret løyver inntil kr 150 000 frå disposisjonsfond driftsføremål til det vidare arbeidet med kommunereforma.

Utgreiingsfasen bør delast i fleire fasar, der første fase no vert å få utgreidd kunnskapsgrunnlaget for hovudalternativa.

Parallelt må ordførar og styringsgruppa følgja opp med drøftingar med dei andre potensielle kommunane i ein ny større kommune. Her kan det og bli aktuelt å ha drøftingar og evt. få utgreidd det som gjeld grensejusteringar mot nabokommunar.

Kommunestyret må haldast løpande orientert om arbeidet.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

På vegne av Høgre fremja Aud- May Boge, H, følgjande forslag:

Nytt nest siste avsnitt i tilråding frå styringsgruppa:

Parallelt må ordførar og styringsgruppa følgja opp med drøftingar med andre potensielle kommunar i ein ny større kommune. Her kan det og bli aktuelt å ha drøftingar og evt. få utgreidd det som gjeld grensejusteringar mot nabokommunar.



Kommunestyret må haldast løpande orientert om arbeidet.

Mikal Leigland, Sp, fremja følgjande framlegg:

Som tillegg til kvart alternativ bør grensejustering av Fusa sine grenser mot Hardangerfjorden vurderast.

**Prøverøysting:**

Framlegget frå Aud-May Boge fekk 21 røyster.

Framlegget frå Mikal Leigland fekk 4 røyster.

Framlegget frå styringsgruppa pkt 1, 2 og 3 fekk 21 røyster.

Mikal Leigland trekte sitt framlegg.

**Endeleg røysting:**

Framlegget frå styringsgruppa med endringsforslag fremja av Aud-May Boge, H, vart samrøystes vedteke.

**KOM-020/15 VEDTAK:**

Fusa kommune skal utgreia følgjande tre hovudalternativ:

- 1) Fusa kommune åleine som i dag.
- 2) Fusa kommune utgreier føresetnader for ein ny Bjørnefjordkommune saman med nabokommunar. Fusa kommune vil bruka midlar til ei slik utgreiing. Delar av desse kostnadane vil verta dekkja av Fylkesmannen i Hordaland. Oppdraget vert gitt til ekstern konsulent etter anbod.
- 3) Fusa, Samnanger og Kvam. Det vert utarbeidd ein rapport for dette alternative. Vi kjøper denne tenesta frå Kvam herad, jfr. saksutgreiinga. Kvar kommune dekkar 1/3 del av kostnaden. Deler av desse kostnadane vert dekkja av Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunestyret løyver inntil kr 150 000 frå disposisjonsfond driftsføremål til det vidare arbeidet med kommunereforma.

Utgreiingsfasen bør delast i fleire fasar, der første fase no vert å få utgreidd kunnskapsgrunnlaget for hovudalternativa.

Parallelt må ordførar og styringsgruppa følgja opp med drøftingar med andre potensielle kommunar i ein ny større kommune. Her kan det og bli aktuelt å ha drøftingar og evt. få utgreidd det som gjeld grensejusteringar mot nabokommunar.

Kommunestyret må haldast løpande orientert om arbeidet.

.....

## **021/15: Skulestruktur**

### **Tilråding:**

Føljande alternativ vert sendt ut på høyring.

#### **Alternativ 1. Tre barneskular**

Felles skule for krinsane Fusa, Eikelandsosen, Holdhus og Nore Fusa.  
Strandvik og Søre Fusa som no.

#### **Alternativ 2. To skular**

Felles skule for krinsane Strandvik, Fusa, Eikelandsosen, Holdhus og Nore Fusa.  
Søre Fusa skule som no.

#### **Alternativ 3. Ein barneskule**

Ein felles skule for hele Fusa.

#### **Alternativ 4. Fire barneskular variant A**

Ein felles skule for Strandvik og Fusa, og ein felles skule for Holdhus og Eikelandsosen.  
Nore Fusa og Søre Fusa som no.

#### **Alternativ 5. 4 barneskular variant B**

Ein felles skule for Strandvik og Fusa, og ein felles skule for Nore Fusa og Eikelandsosen.  
Holdhus og Søre Fusa som no.

#### **Alternativ 6. Dagens skulestruktur blir vidareført.**

Ingen endringar

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Notat frå rådmannen av 11.06.15 - vedk. sakshandsaming og saksgang i skulestruktursaka - var lagra ut digitalt.

På vegne av Fusa Høgre og Fusa Senterparti fremja Aud- May Boge, H, føljande forslag:

Gjeldande samfunnsplan og arealplan under utarbeiding, legg grunnlaget for vidare utvikling i Fusa kommune. I arealplanen er det lagt opp til utvikling kring bygdesentra. Område for nye bustader er lagt i gangavstand til skule og barnehage. Saka om skulestruktur er ikkje i samsvar med plan og vert derfor ikkje sendt på høyring.

På vegne av Fusa SV, Fusa Ap, Fusa Krf, Fusa Frp, Fusa V, fremja Birgitte H.O. Skibenes følgjande forslag:

Ut frå den reviderte rapporten til Agenda Kaupang vert dei ulike alternativa i kapittel 4 i tillegg til 0-varianten lagt ut på høyring:

Alternativ 1. Tre barneskular. Fusa, Nore Fusa og Holdhus skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Eikelandsosen skule.

Alternativ 2. To barneskular. Fusa, Nore Fusa, Holdhus og Strandvik skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Eikelandsosen skule.

Alternativ 3. Ein barneskule. Fusa, Nore Fusa, Holdhus, Strandvik og Søre Fusa skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Eikelandsosen skule.

Alternativ 4. Fire barneskular variant A Strandvik og Holdhus skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Fusa og Eikelandsosen skule.

Alternativ 5. Fire barneskular variant B Strandvik og Nore Fusa skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Fusa og Eikelandsosen skule.

Alternativ 6. Seks barneskular. Behalda dagens skulestruktur.

#### **Prøverøysting:**

Framlegget frå Aud-May Boge, H, fekk 9 røyster. (2 Frp, Arild Ernst Legland, Gunnar Hansen, 3 H, 4 Sp, Mikal Leigland, Margunn Y. Samnøy, Marianne Borge, Haldor Tuft)

Framlegget frå Birgitte H. O. Skibenes, SV, fekk 12 røyster.

Framlegget frå formannskapet fekk 0 røyster.

#### **Endeleg røysting:**

Framlegget frå Aud-May Boge, H, fall mot 9 røyster. (2 Frp, Arild Ernst Legland, Gunnar Hansen, 3 H, 4 Sp, Mikal Leigland, Margunn Y. Samnøy, Marianne Borge, Haldor Tuft)

Framlegget frå Birgitte H. O. Skibenes, SV, vart vedteke med 12 røyster.

Framlegget frå formannskapet fall mot 0 røyster.

#### **KOM-021/15 VEDTAK:**

Ut frå den reviderte rapporten til Agenda Kaupang vert dei ulike alternativa i kapittel 4 i tillegg til 0-varianten lagt ut på høyring:

Alternativ 1. Tre barneskular. Fusa, Nore Fusa og Holdhus skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Eikelandsosen skule.

Alternativ 2. To barneskular. Fusa, Nore Fusa, Holdhus og Strandvik skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Eikelandsosen skule.

Alternativ 3. Ein barneskule. Fusa, Nore Fusa, Holdhus, Strandvik og Søre Fusa skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Eikelandsosen skule.

Alternativ 4. Fire barneskular variant A Strandvik og Holdhus skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Fusa og Eikelandsosen skule.

Alternativ 5. Fire barneskular variant B Strandvik og Nore Fusa skule vert lagt ned. Elevane får sitt barneskuletilbod ved Fusa og Eikelandsosen skule.

Alternativ 6. Seks barneskular. Behalda dagens skulestruktur.

.....

## **022/15: Kommuneplanens arealdel - Høyringsdokument**

### **Tilråding:**

Fusa kommune legg arealplanen, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer ut til offentleg ettersyn. Administrasjonen får mandat til å rette opp språkfeil og faktaopplysningar, til dømes at fergeleie er på Venjanaset, og ikkje Fusa. Eit anna døme er at det må vera samsvar i teksten mellom føresegnene 1.7 og 1.8 (Gjeld Sævareidvassdraget)

UPM tilrår vidare at kommunestyret tek med felte BB 3 Grimeneset, BB 4 Helland og BN 5 Eikelandsheiane, ut i frå konsekvensutgreiing og faglege vurderingar, slik at dei også skal fylgja resten av arealplanen og leggjast ut til offentleg ettersyn.

UPM tilrår vidare at fylgjande punkt (med unntak av punkt 3) skal fylgja arealplanen ut på offentleg ettersyn:

1. B 29 (bustadområde BB6 For/Skjørsand) skal takast med i høve til utkastdokumentet
2. B 46 skal inn (Utviding av eksisterande bustadområde på Skåtaklubben)
3. B 60 vart vurdert inn, men vert ikkje med. (LNF spreidd område med inntil 5 einingar, vidareført som det står – og ikkje lagt ut til tett bygging)
4. B 32 skal inn (Bustadområde spreidd LNF inntil 2 einingar)
5. SBH 18 tas med fordi låssettingsplass ikkje har vore i bruk på mange år (småbåthamn på Skåtaklubben)
6. LSB Berge (3) takast ut (Spreidd LNF område for bustad på nedsida av vegen)
7. Lammanesheiane skal inn med 4 bustadeiningar (Utviding av eksisterande bustadområde)
8. BN2 og BN3 skal omtalast i høve til planomtale (forskyvning i nummerering, teknisk feil som skal rettast)
9. Føresegn 2.14: Max storleik fritidsbustad skal endrast til 125 kvm
10. Føresegn 5.20: Max storleik fritidsbustad endrast til 125 kvm (må vere i samsvar med føresegn 2.14)
11. SBH 37 Tveitnes skal innarbeide småskala båthamn.

Høyringsfrist vert sett til 20. august 2015.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

#### **Arealplan**

Notat frå rådmannen av 17.06.15 - vedk. innspel om naust i Salbuvika med framlegg til tillegg i vedtak - var lagra ut digitalt. Det vart også delt ut på gruppemøte 17.06.15 og på kommunestyremøtet.

Spørsmål om inhabilitet i deler av saka vart handsama først i møtet.

1.

Steinar Skår, H, stilte spørsmål om inhabilitet på Baldersheim då han som grunneigar av gnr./bnr. 107/1, har fleire innspel til kommuneplanen sin arealdel. Han gjekk frå. For han møtte Ola Dale, H, som vararepresentant. Steinar Skår vart samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag på Baldersheim. I resten av saka vart han kjend habil. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd.

2.

Aud- May Boge, H, ba om at habilitet vert vurdert i forhold til næringsinnspel BN2 der ho har eigarinteresser knytt til deler av arealet. Ho gjekk frå. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

May Boge, H, ba om at habilitet vert vurdert i forhold til næringsinnspel BN2 der nær familie har eigarinteresser knytt til deler av arealet. Ho gjekk frå. For henne møtte Frøydis Dale, H, som vararepresentant.

Birgitte H.O. Skibenes, SV, stilte spørsmål om ho var ugild i deler av sak nr 22/15. Grunnen til dette er at ho og mannen hennar er grunneigar til deler av området som ligg i LSBKalven der det kan byggjast ut 3 bustader i planperioden. Ho gjekk frå. For henne møtte Atle Fjelltveit, SV, som vararepresentant.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart Aud- May Boge samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag på Boga og Holmefjord.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart May Boge samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag på Boga og Holmefjord.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart Birgitte h. O. Skibenes samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag vedk. Holmefjord og Boga. I resten av saka vart dei kjend habile. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd.

Aud- May Boge tok plass igjen i møtet. May Boge tok plass igjen i møtet. Birgitte H. O. Skibenes tok plass igjen i møtet.

3.

Haldor Tuft, Sp, stilte spørsmål om han var inhabil i saker som gjeld Strandvik og deler av Vinnes. (Steinbruddet).Grunn: Grunneigar med innspel i Strandvik, og innspel som gjeld Reidun Vindenes (Nils Petter Vindenes) på Vinnes. Nils Petter Vindenes er sambuar med dotter hans. Haldor Tuft gjekk frå. For han møtte Even Revne, Sp, som vararepresentant.

Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes vart Haldor Tuft samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera over forslag på Strandvik og det konkrete forslaget på Vinnes vedk. steinbruddet

I resten av saka vart han kjend habil. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd. Haldor Tuft tok plass igjen i møtet.

4.

Gustav Folkestad, V, stilte spørsmål om han er inhabil når det gjeld område for akvakultur i planen då han er dagleg leiar i Sævareid Fiskeanlegg som har kome med forslag. Firmaet har forretningsmessige interesser/ samarbeid med andre fiskeoppdrettsfirma som også har relativt store eigarinteresser i Sævareid fiskeanlegg m.m. Han gjekk frå.

For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant. Etter forslag frå ordførar Hans S. Vindenes, Sp, vart Gustav Folkestad vart samrøystes kjend inhabil til å handsama og votera område for akvakultur. Jf. kommunelova §40 nr 3 jf. forvaltningslova § 6 2. ledd

Gustav Folkestad, V, stilte også spørsmål om han er inhabil når det gjeld Bryggje – Hålandsdalen «SBH 37 Tveitnes skal innarbeide småskala båthamn. « Han er dagleg leiar i Sævareid Fiskeanlegg. Dei kjem truleg til å nytta båthamna. Han gjekk frå. For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant.

Anne Martinsen, Krf, fremja forslag om Gustav Folkestad ikkje var inhabil vedk. ovanemnde båthamn. Framlegget frå Anne Martinsen vart samrøystes vedteke.

I resten av saka vart han kjend habil. Gustav Folkestad tok plass igjen i møtet.

5.

Asbjørn Heidal, Krf, stilte spørsmål om han var inhabil då han eig aksjer i Sævareid Fiskeanlegg. Han gjekk frå. Inhabiliteten var ikkje meldt til kommunestyremøtet og det møtte ikkje vararepresentant.

Margunn Y. Samnøy, Sp, stilte spørsmål om ho var inhabil då ho eig aksjer i Sævareid Fiskeanlegg. Ho gjekk frå. Even Revne var innkalla som vara representant i deler av sak nr 22/15 og tok plass som vararepresentant.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja forslag om at Asbjørn Heidal ikkje var inhabil pga. svært små eigarinteresser.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja forslag om at Margunn Y. Samnøy ikkje var inhabil pga. svært små eigarinteresser.

Framlegget frå Hans S. Vindenes, Sp, vedk. Asbjørn Heidal vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Hans S. Vindenes, Sp, vedk. Margunn Y. Samnøy vart samrøystes vedteke.

Asbjørn Heidal tok plass igjen i møtet. Margunn Y. Samnøy tok plass igjen i møtet.

På vegne av Fusa Høgre fremja Aud-May Boge følgjande forslag i punkt 9 i tilrådinga:  
Føresegn 2.14: Maks storleik fritidsbustad skal endrast til 175 kvm.

Magne Djuvik, Frp, fremja følgjande forslag:

Område på eigedommen til Engel A. Boge:

Grensa for spreidd bustadbygging vert flytta ned til 50 meter frå «strandsona».

Mikal Leigland, Sp, fremja følgjande forslag:

Område 60 Vinnes blir med i den vidare vurderinga.

Område 66 Vik blir med i den vidare vurderinga. Krav omregulering.

Det vart votert punktvis:

1. B 29 (bustadområde BB6 For/Skjørsand) skal takast med i høve til utkastdokumentet. Punkt 1 vart samrøystes vedteke.
2. B 46 skal inn (Utviding av eksisterande bustadområde på Skåtaklubben). Punkt 2 vart samrøystes vedteke.
3. Framlegg frå Mikal Leigland om at 60 Vinnes blir med i den vidare vurderinga fekk 8 røyster. 13 røysta mot.
4. B 32 skal inn (Bustadområde spreidd LNF inntil 2 einingar). Punkt 4 vart samrøystes vedteke.
5. SBH 18 tas med fordi låssettingsplass ikkje har vore i bruk på mange år (småbåthamn på Skåtaklubben). Punkt 5 vart samrøystes vedteke.
6. LSB Berge (3) takast ut (Spreidd LNF område for bustad på nedsida av vegen). Punkt 6 vart samrøystes vedteke.
7. Lammanesheiane skal inn med 4 bustadeiningar (Utviding av eksisterande bustadområde). Punkt 7 vart samrøystes vedteke.
8. BN2 og BN3 skal omtalast i høve til planomtale (forskyvning i nummerering, teknisk feil som skal rettast). Aud May Boge, H, gjekk frå. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.  
May Boge, H, gjekk frå. For henne møtte Frøydis Dale, H, som vararepresentant.

Punkt 8 vart samrøystes vedteke.

Aud May Boge tok plass igjen i møtet. May Boge tok plass igjen i møtet.

9. Tilråding frå utval for plan og miljø og framlegget fremja av Aud- May Boge, H, vart sett opp mot kvarandre ved votering:  
Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart vedteke med 11 røyster:  
Føresegn 2.14: Max storleik fritidsbustad skal endrast til 125 kvm.  
Framlegget fremja av Aud-May Boge fall mot 10 røyster:  
Føresegn 2.14: Maks storleik fritidsbustad skal endrast til 175 kvm.

10. Føresegn 5.20: Max storleik fritidsbustad endrast til 125 kvm (må vere i samsvar med føresegn 2.14). Punkt 10 vart samrøystes vedteke.

11. SBH 37 Tveitnes skal innarbeide småskala båthamn. Punkt 11 vart samrøystes vedteke.

12. Framlegg fremja av rådmannen i notat av 17.06.15 vart samrøystes vedteke:

Deler av Na 43 takast inn som naustområde i arealplanen. Eksisterande naustområde utvidast mot vest med inntil tre daa. Haldor Tuft, Sp, gjekk frå då dette framlegget vart handsama og votert over. For han møtte Even Revne, Sp, som vararepresentant.

Det vart votert særskilt over områda der representantar vart kjend inhabile.

1.

Arealplanframlegget for Baldersheim:

Steinar Skår, H, gjekk frå. For han møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Steinar Skår tok plass i møtet igjen.

2.

Arealplanframlegget for Holmefjord og Boga

Aud- May Boge, H, gjekk frå. For henne møtte Ola Dale, H, som vararepresentant.

May Boge, H, gjekk frå. For henne møtte Frøydis Dale, H, som vararepresentant.

Birgitte H.O. Skibenes, SV, gjekk frå. For henne møtte Atle Fjellveit, SV, som vararepresentant

Følgjande framlegg frå Magne Djuvik, Frp, vart vedteke med 12 røyster mot 9 røyster:

Område på eigdommen til Engel A. Boge: Grensa for spreidd bustadbygging vert flytta ned til 50 meter frå «strandsona».

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart elles samrøystes vedteke.

Aud May Boge tok plass igjen i møtet. May Boge tok plass igjen i møtet. Birgitte H. O.

Skibenes tok plass igjen i møtet.

3.

Arealplanframlegget for Strandvik

Haldor Tuft, Sp, gjekk frå. For han møtte Even Revne, Sp, som vararepresentant.



Følgjande framlegg frå Mikal Leigland, Sp fekk 8 røyster og forslaget fall. 13 røysta mot: Område 66 Vik blir med i den vidare vurderinga. Krav omregulering.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart elles samrøystes vedteke.

Arealplanframlegget for Vinnes, steinbruddet

Haldor Tuft, Sp, gjekk frå. For han møtte Even Revne, Sp, som vararepresentant.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Haldor Tuft tok plass igjen i møtet.

4.

Arealplanframlegget – område for akvakultur.

Gustav Folkestad, V, gjekk frå. For han møtte Arild Heggland, V, som vararepresentant.

Tilrådinga frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Gustav Folkestad tok plass igjen i møtet.

Endringar som framgår av voteringa ovafor vert innarbeidd i framlegget til arealdel.

Kommunestyret vedtok deretter samrøystes resten av tilrådinga frå utval for plan og miljø::

Fusa kommune legg arealplanen, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer ut til offentleg ettersyn. Administrasjonen får mandat til å rette opp språkfeil og faktaopplysningar, til dømes at fergeleie er på Venjaneset, og ikkje Fusa. Eit anna døme er at det må vera samsvar i teksten mellom føresegnene 1.7 og 1.8 (Gjeld Sævareidvassdraget)

Kommunestyret tek med felte BB 3 Grimeneset, BB 4 Helland og BN 5 Eiklandsheiane, ut i frå konsekvensutgreiing og faglege vurderingar, slik at dei også skal fylgja resten av arealplanen og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfrist vert sett til 20. august 2015.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

#### **KOM-022/15 VEDTAK:**

Fusa kommune legg arealplanen, med plankart, planomtale, føresegner og retningslinjer ut til offentleg ettersyn. Administrasjonen får mandat til å rette opp språkfeil og faktaopplysningar,

til dømes at fergeleie er på Venjanaset, og ikkje Fusa. Eit anna døme er at det må vera samsvar i teksten mellom føresegnene 1.7 og 1.8 (Gjeld Sævareidvassdraget)

Kommunestyret tek med felte BB 3 Grimeneset, BB 4 Helland og BN 5 Eikelandsheiane, ut i frå konsekvensutgreiing og faglege vurderingar, slik at dei også skal fylgja resten av arealplanen og leggjast ut til offentleg ettersyn.

1. B 29 (bustadområde BB6 For/Skjørsand) skal takast med i høve til utkastdokumentet.
2. B 46 skal inn (Utviding av eksisterande bustadområde på Skåtaklubben).
3. 60 Vinnes blir ikkje med i den vidare vurderinga.
4. B 32 skal inn (Bustadområde spreidd LNF inntil 2 einingar).
5. SBH 18 tas med fordi låssettingsplass ikkje har vore i bruk på mange år (småbåthamn på Skåtaklubben)
6. LSB Berge (3) takast ut (Spreidd LNF område for bustad på nedsida av veggen).
7. Lammanesheiane skal inn med 4 bustadeiningar (Utviding av eksisterande bustadområde).
8. BN2 og BN3 skal omtalast i høve til planomtale (forskyvning i nummerering, teknisk feil som skal rettast).
9. Føresegn 2.14: Maks storleik fritidsbustad skal endrast til 125 kvm.
10. Føresegn 5.20: Max storleik fritidsbustad endrast til 125 kvm (må vere i samsvar med føresegn 2.14).
11. SBH 37 Tveitnes skal innarbeide småskala båthamn.
12. Deler av Na 43 takast inn som naustområde i arealplanen. Eksisterande naustområde utvidast mot vest med inntil tre daa.

Område på eigedommen til Engel A. Boge: Grensa for spreidd bustadbygging vert flytta ned til 50 meter frå «strandsona».

Høyringsfrist vert sett til 20. august 2015.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-14.

.....

### **023/15: HANDSAMING AV NYE VEGNAMN I FUSA KOMMUNE - ADRESSERING DELPROSJEKT 3**

#### **Tilråding:**

Fusa kommune gjer vedtak om nye vegnamn, med heimel i Lov om stadnamn§ 5:

NR	Framlegg til namn	Startpunkt
----	-------------------	------------

01	Hålandsdalsvegen	0-punkt
02	Eiklandsheiane	Hålandsdalsvegen
03	Holdhusvegen	Hålandsdalsvegen
04	Skjelbreidvegen	Holdhusvegen
05	Rødo	Hålandsdalsvegen
06	Øvre Hålandsdal	Holdhusvegen ved Eide
07	Hammarlandsvegen	Holdhusvegen
08	Hovden	Hammarlandsvegen
09	Heihillervegen	Hammarlandsvegen
10	Støavegen	Øvre Hålandsdal
11	Gjønavegen	Øvre Hålandsdal
12	Åsevegen	Øvre Hålandsdal
13	Drageid	Hålandsdalsvegen
14	Skogseidvegen	Hålandsdalsvegen
15	Sævareidvegen	Hålandsdalsvegen
16	Sundvorvegen	Sævareidvegen
17	Træo	Sævareidvegen
18	Haugen	Sævareidvegen
19	Markhusvegen	Sundvorvegen
20	Engjavik	Sundvorvegen
21	Mjånes	Sundvorvegen
22	Russavika	Sundvorvegen
23	Revnavegen	Sundvorvegen
24	Selsvollvegen	Revnavegen
25	Store Baldersheim	Sundvorvegen
26	Neset	Sundvorvegen
27	Kleppsvegen	Sundvorvegen
28	Bårtveit	Sundvorvegen
29	Hjartnes	Sundvorvegen
30	Stølanset	Sundvorvegen
31	Hjartåkervegen	Sundvorvegen
32	Heidalsvegen	Sundvorvegen
33	Lygresvegen	Sundvorvegen
34	Podlavegen	Sundvorvegen
35	Abotnes	Podlavegen

36	Dalavegen	Podlavegen
37	Teigavegen	Sundvorvegen
38	Lauvfjellet	Ådlandsvegen
Ny	Rindakleivane	Skjelbreidvegen
Ny	Nerhovdavegen	Gjønavegen
Ny	Teiglandsvegen	Øvre Hålandsdal
Ny	Bjørndal	Hålandsdalsvegen
Ny	Russåsvegen	Revnavegen
Ny	Årvikvegen	Sundvorvegen

Det vert etter § 5 reist namnesak for å fastsetja skrivemåten til gardsnamnet på Tjørn/Tjønn/Kjønn gnr 51 slik at ein i neste omgang handsama vegnamn på garden. Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak i begge sakene.

## 18.06.2015 KOMMUNESTYRET

### Handsaming:

Følgjande informasjon vart gitt til kommunestyret:

«Tegland og Teigland

Vi er gjort merksame på at det har snike seg inn ein skrivefeil i adm sitt framlegg til vedtak i adresseringssaka som også er med i formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Vegen til Tegland har her fått namnet Teiglandsvegen, det rette skulle vore Teglandsvegen. Det går fram saksutgreinga at det er Teglandsvegen som er kome inn som forslag i høyringsrunden og som er tilrådd i høyringa som namneform frå Statens namnekonsulentar sidan det er ei alt godkjend namneform.

Endringa frå Tegland til Teigland har skjedd ved ein skrivefeil. Det er viktig at dette vert retta opp før endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret.»

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtek med følgjande endring. Teiglandsvegen, vert endra til Teglandsvegen.

### KOM-023/15 VEDTAK:

NR	Framlegg til namn	Startpunkt
01	Hålandsdalsvegen	0-punkt

02	Eikelandsheiane	Hålandsdalsvegen
03	Holdhusvegen	Hålandsdalsvegen
04	Skjelbreidvegen	Holdhusvegen
05	Rødo	Hålandsdalsvegen
06	Øvre Hålandsdal	Holdhusvegen ved Eide
07	Hammarlandsvegen	Holdhusvegen
08	Hovden	Hammarlandsvegen
09	Heihillervegen	Hammarlandsvegen
10	Støavegen	Øvre Hålandsdal
11	Gjønavegen	Øvre Hålandsdal
12	Åsevegen	Øvre Hålandsdal
13	Drageid	Hålandsdalsvegen
14	Skogseidvegen	Hålandsdalsvegen
15	Sævareidvegen	Hålandsdalsvegen
16	Sundvorvegen	Sævareidvegen
17	Træo	Sævareidvegen
18	Haugen	Sævareidvegen
19	Markhusvegen	Sundvorvegen
20	Engjavik	Sundvorvegen
21	Mjånes	Sundvorvegen
22	Russavika	Sundvorvegen
23	Revnavegen	Sundvorvegen
24	Selsvollvegen	Revnavegen
25	Store Baldersheim	Sundvorvegen
26	Neset	Sundvorvegen
27	Kleppsvegen	Sundvorvegen
28	Bårtveit	Sundvorvegen
29	Hjartnes	Sundvorvegen
30	Stølaneset	Sundvorvegen
31	Hjartåkervegen	Sundvorvegen
32	Heidalsvegen	Sundvorvegen
33	Lygresvegen	Sundvorvegen
34	Podlavegen	Sundvorvegen
35	Abotnes	Podlavegen
36	Dalavegen	Podlavegen

37	Teigavegen	Sundvorvegen
38	Lauvfjellet	Ådlandsvegen
Ny	Rindakleivane	Skjelbreidvegen
Ny	Nerhovdavegen	Gjønavegen
Ny	Teglandsvegen	Øvre Hålandsdal
Ny	Bjørndal	Hålandsdalsvegen
Ny	Russåsvegen	Revnavegen
Ny	Årvikvegen	Sundvorvegen

Det vert etter § 5 reist namnesak for å fastsetja skrivemåten til gardsnamnet på Tjørn/Tjønn/Kjønn gnr 51 slik at ein i neste omgang handsama vegnamn på garden. Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak i begge sakene.

.....

## **024/15: KOMMUNEROS FUSA 2015 - HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE FOR FUSA KOMMUNE**

### **Tilråding:**

Fusa kommunestyre tek rapporten KommuneROS Fusa 2015 – del 1 og 2 til orientering. Tiltaksplan/plan for oppfølging av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal leggjast fram for kommunestyret i første møte hausten 2015.

### **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KOM-024/15 VEDTAK:**

Fusa kommunestyre tek rapporten KommuneROS Fusa 2015 – del 1 og 2 til orientering. Tiltaksplan/plan for oppfølging av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal leggjast fram for kommunestyret i første møte hausten 2015

.....

## **025/15: REGULERINGSPLAN FOR HAGANESET GNR 18, BNR 4 M.FL.**

**Tilråding:**

Reguleringsplan for *HAGANESET, del av gnr 18, bnr 4 m. fl.* datert 07.05.2015, føresegner datert 19.05.2015 og planskildring m/ ROS-analyse vert godkjent.

Med tillegg til pkt. 3 i føresegnene :

«I frisktsoner skal det ikkje vere vegetasjon eller andre innretningar som hindrar fri sikt i samsvar med vegnormalen.»

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»

**18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

**Handsaming:**

Aud-May Boge, H, fremja rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for *HAGANESET, del av gnr 18, bnr 4 m. fl.* datert 07.05.2015, føresegner datert 19.05.2015 og planskildring m/ ROS-analyse vert godkjent.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12..

Tilrådinga frå utval for plan og miljø fall med 9 røyster .

Framlegget fremja av Aud-May Boge, H, vart vedteke med 12 røyster.

**KOM-025/15 VEDTAK:**

Reguleringsplan for *HAGANESET, del av gnr 18, bnr 4 m. fl.* datert 07.05.2015, føresegner datert 19.05.2015 og planskildring m/ ROS-analyse vert godkjent.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

.....

**026/15: INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TILSYN MED  
FORSØPLING ETTER FORUREININGSLOVA**

**Tilråding:**

Fusa kommune vedtek «Retningslinjer for behandling av forurensnings- og forsøplingsaker i BIR AS» slik dei er oversende frå BIR AS. BIR AS får delegert mynde etter forureiningslova §7 i samsvar med retningslinjene.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KOM-026/15 VEDTAK:**

Fusa kommune vedtek «Retningslinjer for behandling av forurensnings- og forsøplingssaker i BIR AS» slik dei er oversende frå BIR AS. BIR AS får delegert mynde etter forureiningslova §7 i samsvar med retningslinjene.

.....

## **027/15: STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2015 - 2020**

### **Tilråding:**

1. Fusa kommune sluttar seg til hovudmomenta i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015 – 2020
2. Fusa kommune ser Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015 – 2020 som eit viktig strategisk dokument. Fusa kommune vil gjera seg nytte av planen som grunnlag for utarbeiding av Handlingsplan for Fusa kommune for 2016 - 2019

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag til tillegg:

Strategisk næringsplan for Fusa kommune skal innarbeidast i Kommunal planstrategi for Fusa kommune når den skal rullerast.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Hans S. Vindenes vart samrøystes vedteke.

### **KOM-027/15 VEDTAK:**

1. Fusa kommune sluttar seg til hovudmomenta i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015 – 2020



2. Fusa kommune ser Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015 – 2020 som eit viktig strategisk dokument. Fusa kommune vil gjera seg nytte av planen som grunnlag for utarbeiding av Handlingsplan for Fusa kommune for 2016 - 2019

Strategisk næringsplan for Fusa kommune skal innarbeidast i Kommunal planstrategi for Fusa kommune når den skal rullerast.

.....

## **028/15: SAL AV ALKOHOL - SØKNAD FRÅ AS VINMONOPOLET**

### **Tilråding:**

Fusa kommune gjev løyve til sal av alkoholhaldig drikke med eit høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent til AS Vinmonopolet i samsvar med søknad om etablering av vinmonopolbutikk i Eikelandsosen. Løyvet vert gitt for resten av løyveperioden til og med 30.06.16. Fusa kommune godkjenner lokala i eiga sak, jf alkohollova § 3-3. Vedtaket er heimla i alkohollova § 1-7, § 3-1, 1-6 og rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa kommune. Ordførar får fullmakt til å gjera vedtak i sak om godkjenning av lokala.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KOM-028/15 VEDTAK:**

Fusa kommune gjev løyve til sal av alkoholhaldig drikke med eit høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent til AS Vinmonopolet i samsvar med søknad om etablering av vinmonopolbutikk i Eikelandsosen. Løyvet vert gitt for resten av løyveperioden til og med 30.06.16. Fusa kommune godkjenner lokala i eiga sak, jf alkohollova § 3-3. Vedtaket er heimla i alkohollova § 1-7, § 3-1, 1-6 og rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa kommune. Ordførar får fullmakt til å gjera vedtak i sak om godkjenning av lokala.

.....

## **029/15: FORVALTNINGSREVISJON INNAN TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING I FUSA KOMMUNE**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rapporten vert teken til etterretning.

## **18.06.2015 KOMMUNESTYRET**

### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KOM-029/15 VEDTAK:**

Rapporten vert teken til etterretning.

.....

### **030/15: Søknad om å få gå på Hatlestrand ungdomsskule i Kvinnherad frå hausten 2015**

U. off. offentleglova § 13 , jf forvaltningslova §13 nr 1.